



# Retningslinjer for fylkeskulturprisen for Møre og Romsdal

Retningslinjene vart vedteke av kultur- og folkehelseutvalet i møtet 7. juni 2017, sak KF-20/17. Dei vart revidert av kultur-, næring- og folkehelseutvalet i møtet 11. november 2019.

Frå møtet 29.11.2023 er namnet på utvalet endra til kultur- og folkehelseutvalet.

## Generelt om ordninga

Fylkeskulturprisen for Møre og Romsdal er ein pris som delast ut årleg under opninga av fylkestinget i desember. Prisen er på 50 000 kroner og ein diplom.

## Formål

Fylkeskulturprisen for Møre og Romsdal skal heidre stor innsats for kulturlivet i fylket.

## Vilkår

Prisen kan gå til ein person, gruppe av personar, lag eller organisasjonar som:

- høyrer heime i fylket
- har sterk tilknytning til fylket
- viser evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege
- har talent, viser kreativitet og evne til nyskaping

Prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeidet med å halde ved like og vidareutvikle det kulturelle mangfaldet i fylket.



## Forslag på kandidatar og behandling

1. Fylkeskulturprisen kunngjerast på våre heimesider [www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no) og anna tenleg kunngjering, for eksempel Facebook.
2. Frist for å komme med forslag er i midten av oktober kvart år.
3. Alle forslag på kandidatar skal vere skriftlege og grunngitt av forslagsstillar.
4. Administrasjonen legg fram sak til kultur- og folkehelseutvalet i november kvart år med ei tilråding på 3 kandidatar utan rangering.
5. Dersom prisen blir gitt til fleire kandidatar er det kultur- og folkehelseutvalet som avgjer kor stor del kvar kandidat skal få.
6. Det blir ikkje satt særlege vilkår til korleis mottakaren bruker prisen.
7. Vedtak blir gjort med vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal er møteleiaren si stemme avgjerande.
8. I møteprotokollen for kultur- og folkehelseutvalet skal det berre stå namnet på den eller dei som fleirtalet meiner bør få prisen.
9. Fylkesordførar og leiar av kultur- og folkehelseutvalet skal saman dele ut fylkeskulturprisen på fylkestinget i desember. Utvalsleiar skal grunngi pristildelinga og fylkesordførar skal overrekke prisen.
10. Namnet på prisvinnaren blir gjort kjent så snart som mogleg etter møtet.